

Resultat frå vifteundersøkinga 2025

Sameiget har fire vifter

- Vifte 1 dekker leil. som sluttar med 001, 002 og 003
- Vifte 2 dekker leil. Som sluttar med 004, 005 og 006
- Vifte 3 dekker leil. som sluttar med 007, 008 og 009
- Vifte 4 dekker leil. som sluttar med 010, 011 og 012

Merk: Det er kun mulig å justera kraftsug på heile timar, og tidsrommet må tilpassast fleirtalet. Alle endringane skjer i samband med overgangen til sommartid.

I alt kom det inn 27 svar fordelt på dei fire viftene. Omlag ein tredel av bebruarane har meining om avtrekksviftene.

Vifte 1

8 svar.

Alle bortsett frå ein meiner at basissuget er passe.

Alle meiner at kraftsuget er passe.

Ein ynskjer kraftsug også om morgonen

To vil droppa kraftsug om ettermiddagen.

Ut frå dette er det stort fleirtal for å behalda vifte 1 som i dag.

Vifte 2

8 svar

Fire meiner basissug er passe, fire meiner det er for svakt

Fem meiner kraftsug er passe, tre meiner det er for svakt

Alle bortsett frå ein vil ha kraftsug om morgonen

Alle bortsett frå ein vil ha kraftsug om ettermiddagen

Fordi det er like mange som vil ha høgare basissug, som meiner det er passe, blir basisuget auka 5 %.

Kraftsug og tidsrom blir som før.

Vifte 3

6 svar

Tre meiner basissuget er passe, tre meiner det er for svakt

Tre meiner kraftsuget er passe, tre meiner det er for svakt

Fire vil ha kraftsug om morgonen, to meiner det er unødvendig

Alle vil ha kraftsug om ettermiddagen

Denne vifta har alt no høgare sug enn dei andre (ut frå forrige evaluering). Men med lik stemmefordeling mellom passelig og for lågt sug, blir vifta auka med 5 % både på basis og kraftsug.

Vifte 4

5 svar

Tre meiner basissuget er for svakt, to meiner det er passe

Ein meiner kraftsuget er passe, to meiner det er for lågt, og to meiner det er for høgt

Tre vil ha kraftsug om morgonen, to vil ikkje

Tre vil ha kraftsug om ettermiddagen, to vil ikkje

Dette er veldig sprikande resultat, og vanskeleg å tilfredsstilla alle. Reint matematisk blir det slik: Basissuget aukar med 5 %, kraftsuget blir som det er. (To som meiner det er for svakt og to for sterkt, nullar ut kvarandre) Ut frå svara om tidsrom på kraftsug blir det sett inn kraftsug mellom 07-08 om morgonen, mens tidsrommet om ettermiddagen blir redusert til perioden 16-18.

Ein bebruar føreslår å rensa kanalane i håp om betre luftgjennomstrøyming. Det er ein del år sidan forrige rensing, så dette vil styret ta med seg til budsjettarbeidet for 2026.